

Rett til nynorsk i barnehagen



Dei siste åra har media og faglitteratur nærast eksplodert i forskingskonklusjonar om kor viktig det er å eksponere ungane for språk tidleg. Me må snakke med ungar, lese til ungar, lese med ungar, skrive til og med ungar, kort sagt, late ungar møte ord, språk og skrift så tidleg som råd.

ELI BJØRHUSDAL, FYRSTEAMAUENSIS, HØGSKULEN I SOGN OG FJORDANE

Det ser ut til at forskinga på feltet deler to overordna premissar. Den eine er at språkkompetanse er grunnlag for all kunnskapstileigning og kunnskapsutvikling. Den andre er at me ikkje er fødte med eit språk, men at me må laste det ned frå kulturen vår. For sjølv om ungar er fødte med evna til å produsere språk, vert det ikkje noko av dette språket om ikkje barnet vert stimulert utanfrå. For at ein unge skal forstå og produsere språk – altså snakke og skrive – må han bli eksponert for språk. Han må altså bli snakka til og vere i samanhengar der det blir snakka og skrive. Ungar utviklar språk frå innputt.

Såleis er det legitimt å spørje: Kva for språk skal vere innputt?

Det finst gode ressursar om korleis ein skal drive generell språkstimulering frå til dømes Lesesenteret,

Skrivesenteret og Utdanningsdirektoratet, og sjølvsagt finst det mange flotte handbøker og fagbøker utgjevne av norske skrive- og språkforskarar. Men mykje av denne litteraturen gjer det norske biletet mindre komplekst enn det eigenleg er. Beskjeden frå forskings- og utviklingsfeltet til praksisfeltet ser ut til å vere: Køyrt i gang, driv språkstimulering i barnehagen, også skriftspråkstimulering. Men spørsmålet om kva for skriftspråk som ungane skal møte, vert sjeldan tematiserte.

Det merkast for barnehagelærarar og barnehagelærarutdannar i nynorskområde. Mange her opplever at tidleg innsats med språk i barnehagen i praksis tyder tidleg innsats med bokmål. Ulike typar lesestoff, meir eller mindre kommersielle didaktiske utstys- og språkpakker, (data-)spel, filmar og app-ar som vert nytta i barnehagane, er i stor grad på

bokmål – også i nynorskområda. Dei nynorske borna vert altså eksponerte for eit anna språk enn det dei skal ha på skulen. Dette får rimelegvis konsekvensar for deira språklege sjølvbiletet og for ferdigheitene i det som skal bli fyrsteskriftspråket deira.

Og desse borna er ikkje ei marginal gruppe. Kvart år byrjar om lag 7750 born i barnehagar i nynorske skulekrinsar, born som altså får nynorsk som opplæringsmål når dei startar på skulen. For desse ungane trengst det no meir enn fagre ord i rettleiingar og språkpakker frå Utdanningsdirektoratet. I skulen har elevar med nynorsk klare, regulerte rettar. Når retorikken kring tidleg språkinnsetning og stimulering i barnehagen så tydeleg handlar om ungane sin framtidige kompetanse, bør også ungar i barnehagen få eksplisitte rettar til å møte sitt eige fyrsteskriftspråk.



Skriv seg til suksess

Anette Nerhus Bjelland og Noah Hovland er nokre av dei flinke skrivarane i klassen til Hildegunn Sæbø Heimro på éin av 20 skular som viser veg i skriveopplæringa – i verdas største skriveprosjekt.



for deg som jobbar med barn

Kultur, språk og litteratur

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

@avisapirion



Tips oss på pirion@pirion.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no

Ingrid Runnane og Julian Vikanes og nokre av dei flinke skrivarane i klassen til Hildegunn Sæbø Heimro.



Gir meining til skrivinga

FAKTA: Normprosjektet

- Truleg verdas største skriveprosjekt i skulen. Over 3000 elevar og 500 lærarar er med.
- 20 samarbeidsskular, mellom dei Tjødnaio skule og Sagvåg skule i Stord.
- Starta i 2012 og varer til 2016.
- Målet er å finna ut kor godt ein kan forventa at elevar på ulike trinn skal kunne skriva.
- Gjennom systematisk samarbeid mellom lærarane skal ein utvikla ei felles forståing av skriving og skriveoppgåver, forventningar om skrivekompetanse og læringsstøttande vurdering.
- Lærarane bruker det dei kallar skrivehjulet til å visa korleis skriving kan brukast til å overtyda, samhandla, reflektera, skildra, utforska og sjå for seg saker.

20 skular har vore med på verdas største skriveprosjekt. Lærdommane frå prosjektet er tatt med i den nye lese- og skrivestrategien til regjeringa.

TEKST OG FOTO: SVEIN OLAV B. LANGÅKER

Korleis kan ein 3.-klassing klara å skriva like bra som ein 4.-klassing? Og ein 7.-klassing skriva like bra som ein 9.-klassing?

Sagvåg skule og Tjødnaio skule i Stord er blant dei 20 skulane som har vore med på det som truleg er verdas største skriveprosjekt. Målet med prosjektet har vore å finna ut kva ein kan forventa av skrivinga til elevar på ulike klassetrinn.

Professor Synnøve Matre, opphavleg frå Halsnøy og no professor ved Høgskolen i Sør-Trøndelag, har leia prosjektet som varer til 2016.

— Effekten på resultatata til dei 3000 elevar som har vore med, svarer til eitt års ekstra undervisning. Effekten på dei kring 600 elevar med tydelegast effekt, svaret til to år ekstra undervisning, seier ho.

Skreiv så blekket spruta

Synnøve Matre meiner det er viktig at skriveoppgåvene som elevar får, har eit klart formål. Ei oppgåve som «Skriv om sommarferien din» har eit meir uklart formål. I staden bør lærarane bli flinkare til å skapa ei meining med oppgåvene.

På Sagvåg skule fekk elevarne beskjed om at den populære Melodi Grand Prix skule bli kuttet ut fordi rektor meinte elevarne lærte for lite. Lærarane gav dei i oppgåve å skriva brev til rektor og fortelja kvifor Melodi Grand Prix ikkje burde stoppast.

— Elevarne skreiv så blekket spruta, smiler rektor Lars Bakka.

Det blei likevel Melodi Grand Prix.

— Har rista litt i oss

Alle elevar er avhengig av gode tilbakemeldingar. Svake elevar treng ros for å byggja sjølvtilit og motivasjon. Men det er ein balansegang med djupe grøfter, ifølgje Lars Bakka.

— Normprosjektet har rista oss litt. Det blir feil å seia at alt er greitt fordi du er du. Ein må gi beskjed kvar det er forventa at elevarne skal liggja. Samtidig er det viktig at ein ikkje føler ein er skuletapparar allereie frå 2. trinn,



Rektor Lars Bakka er sikker på at prosjektet har hatt ein positiv effekt på skriveugleiken til elevarne.

understrekar rektor Bakka.

Lærarane må laga framdriftsplanar med realistiske mål for kvar elev og følgja systematisk med på lesinga og skrivinga til elevarne. Ikkje berre i norsken, men i alle faga.

Sjølv om prosjektfasen er over på skulane, arbeider lærarane vidare med alt dei har lært.

Lars Bakka er sikker på at prosjektet har hatt ein positiv effekt på skriveugleiken til elevarne og seier han er imponert over inn-satsen til personalet ved skulen.

Lærarane har fått kurs av kompetente fagfolk frå Høgskolen i Sør-Trøndelag og dei har retta saman med andre lærarar i prosjektet.

— Mykje lettare å gi tilbakemeldingar til elevarne

Hildegunn Sæbø Heimro er lærar

for 2. trinn no. Ho har vore med frå starten, og er glad og takksam for å hausta fruktene av skriveprosjektet ved Sagvåg skule.

— Arbeidet med skriveprosjektet hjelper oss å laga betre oppgåver som er tilpassa føremålet med skrivinga. Me har erfart at utforminga av oppgåvene er viktig for å få gode svar. Arbeid med dei ulike skrivehandlingane gjer oss òg meir medvitne på kva elevarne skal læra og korleis dei kan skriva for å læra, seier ho.

No vurderer lærarane fleire sider av skrivinga til elevarne i alle fag. (Sjå faktaboks) Dette gjer at det har blitt lettare å gi tilbakemeldingar, meiner ho. Elevarne får meir konstruktive tilbakemeldingar og dei veit på førehand kva som blir vurdert.

Alle nye lærarar ved skulen blir dratt med og får kurs i korleis dei jobbar.

Sju vurderingsområde for skrivinga:

- Kommunikasjon
- Innhald
- Tekstopbygging
- Språkbruk
- Rettskriving og formverk
- Teiknsetjing
- Bruk av skriftmediet

Hildegunn Sæbø Heimro fortel korleis ein skriv fakta om ei mus.

Rørande vakkert om vennskap

Ta 100 steg og få ein venn av Erna Osland er ei strålende vakker og poetisk bok med korte forteljingar om vennskap.

Korleis får ein seg ein venn?

I Ta 100 steg og få ein venn er me fluger på veggen i det magiske første møtet mellom små menneske.

Erna Osland viser nok ein gong den sjeldne evna ho har til å skriva frå ståstaden til barn.

Boka liknar poesi ved den effektive bruken av få setningar og ord som set lesaren i nye stemningar og lar oss bli kjend med dei ulike personane i kvar historie. Alt blir ikkje sagt rett ut, difor eignar boka seg godt som grunnlag for samtale med ungane. Boka kan eigna seg for høgtlesing i småskulen eller eigenlesing på mellomsteget. Skrifta er mellomstor, med korte, letlesne setningar.

Meldt av: Svein Olav B. Langåker



Ta 100 steg og få ein venn Erna Osland og Torill Stranger (ill.) Samlaget 2015

BOKMELDING